VOLDA KOMMUNE
Sak nr: 2015/1798 Avd: UTV
Løpenr: Sns:
11 FEB 2016
Arkivdel: BYGG
Klassering P: 160/3
Klassering S:

Til handsaming av klage vedk. Ulvestadfjøra.

Tilleggspplysningar i kortform, frå initiativtakarane:

1. Området som det er mogleg å bygge naust på er svært begrensa. Her er det plassert nærare 20 tomter fordelt på 3 utskiftingar:
   Ulvestadhaug, gnr. 158 m/4 bruk
   Espenakk, gnr 159 m/3 bruk
   Ulvestad, gnr. 160 m/7 bruk

   Presset på området nord-syd er difor stort, men aust-vest er problemet motsett.

2. Etter tidlegare stort uttak av sand på bruk nr. 2 vart fjøra utfylt (fleire tusen kbm). Fjøra er difor idag altfor lang etter det opprinelege, ca 40 meter. Med dei kraftige bårene i retning frå Austefjord er dette nesten uhandterleg utan eit vern.

3. Vi er tre personar som har kome fram til ei svært god løysing for området: Bygging av kun ein vòr på den sydeligaste tomta med ein vinkel nordover. Kall dette gjerne eit vern. Fjøra kan dermed innkortast til det opprinnelege.

4. Dersom vi ikkje får høve til dette, må vi bygge 3 stk vòrar som går utover plassen nord-syd, og problemet med den lange og ugjestmilde fjøra vert like stort.

5. Den planlagde vòren vil ikkje overstige høgda på allereie etablerte vòrar, og tap av utsyn vil difor ikkje vere eit tema. Det ville heller ikkje vere i vår interesse å gjere området mindre attraktivt til rekreasjon og hygge.

6. Vi tre tilhøyrer dugnadsgjengen som har sett i stand vegen, rydda skog, sett opp benkar med bålpanne, fjerna skrot og rydda badeplassen. Fri ferdsel og bruk av dette området er difor betra, og skal opprethaldast 100%. Dette tiltaket vil vere eit bidrag til dette.

Venleg helsing

Oddvar Ulvestad

Oddvar Ulvestad

Erling Ulvestad

Erling Ulvestad

Per Gunnar Tilseth

Per Gunnar Tilseth